

Tenkte dere hadde lyst til å lese denne:

Olav Randen skreiv dette på ei debattgruppe om landbruk.

Litt om EAT-rapporten

To grunnleggjande ulike tenkjemåtar, ein agroindustriell og ein agroøkologisk, står mot einannan når det gjeld matproduksjon, både på jord og i hav. EAT-rapporten byggjer på den agroindustrielle tenkjemåten. Innanfor denne tenkinga blir det logisk å seie at når det må 3-4 kaloriar inn i grisen for å produsere ein kalori kjøtt, er det effektivt i høve til storfe, der det må til 7-10 kaloriar, og difor bør verda satse på svin og kylling framfor storfe. Og på oppdrettsfisk framfor svin og kylling. Innanfor denne tenkinga blir det også logisk å seie at når drøvtyggjarar slepper ut metan, som på kort sikt er ein 23 gonger så nedbrytande klimagass som CO₂, så er det å redusere talet på drøvtyggjarar ein god metode for å redusere klimautsleppa. Desse samanhengane kan altså dokumenterast med enkle og innanfor deira tenkjeramme uangripelege reknestykke.

Difor gir denne tenkinga også grunnlag for alliansar, mellom Yara og annan agroindustri som vil selje meir innsatsmidlar for landbruk, Equinor og andre oljeselskap som vil ha meir transport, urbane miljøorganisasjonar som vil reservere Norges og verdas utmarker for rovdyr, utbyggjarar av mange slag som vil ha dei områda som er mest attraktive for seg og at dei andre må nøye seg med restnaturen, og politikarar og samfunnselite som vil avvikle bygder og landbruk for å få meir arbeidskraft og ha meir matimport fordi matproduksjon i fattige land er billigare for Norge enn i vårt eige land.

Innanfor ei agroøkologisk tenking blir det annleis. Me som byggjer på denne tenkinga, er opptekne av totalnaturen, og i totalnaturen er årsakssamanhengane komplekse og ikkje enkle. Då er det tre samanhengar som gir andre konklusjonar:

Den første er at det finst effektivitet og effektivitet. Kyllingen er altså i stand til å vekse meir per kalori fôr enn kua og sauene. Men dette fôret må produserast og kjøpast. Beitefôret til sauene finst i utmarkene, sauene får det i seg utan at matprodusenten tilfører kunstgjødsel og pestisidar, utan at han bruker diesel til frakt og jordarbeiding og utan at beitejorda blir øydelagd for generasjonar etter oss. Den delen av fôret som beitedyra tek opp sjølve, er altså inga klimabelastning. Om me skal prøve å setje opp eit rekneskap for forholdet mellom det som går inn i dyra og det dei gir, må me trekkje frå dette. Det har FAO gjort i rapporten «Livestock: On our plates or eating at our table?», og kome til at på global basis går det med 3 kilo korn per kilo storfekjøtt, og av dette berre 6 hekto protein som kunne vere menneskemat. I dette meir kompliserte reknestykket blir såleis beitebasert kjøttproduksjon meir effektiv enn det kvite kjøttet, og ei favorisering av kvitt kjøtt framstår som meningslaust.

Samanheng to gjeld forholdet mellom karbonbinding og karbonutslepp.

Matproduksjon fører med seg utslepp av klimagassar. Gras- og kornproduksjon gjer det i stor grad, til jorddyrking, jordarbeiding, kunstgjødsel og transport.

Men drøvtyggjarar gir altså frå seg metan og bidreg difor mykje til oppvarminga. Men dette er berre halve reknestykket. For beitande drøvtyggjarar bidreg også til å binde karbon i jorda. Det gjer dei med å trø opp jorda med føtene sine så veksten blir betre, med å frakte med seg frø, med å gjødsle jorda med si avføring og med å ete gras og andre planter før plantedekket visnar, slik at sollys kjem til og ny vekst blir stimulert. Når planteveksten blir stimulert, stimulerer det også livet i jorda. Og det meste av det organiske materialet, så mykje som 70 prosent, er å finne i og ikkje over jorda. Slik vil beiting i høveleg omfang bidra til det me enno ikkje har fått til i industrien, karbonfangst, i vekstjorda. Ved gjennomtenkt agronomi vil beitinga binde meir karbon enn det dyra gir frå seg ved metanutslepp. Fordi verdas aktuelle beiteareal er så enorme, tredelen av den ikkje isdekte landjorda, kan meir karbonbinding ved beiting utgjere skilnaden mellom ei uløyseleg og ei handterbar oppvarming.

Samanheng tre gjeld innhaldet i maten vår. Vår «moderne» matproduksjon er eit gigantisk eksperiment med menneskeheita. Sidan steinalderen og fram til vår tid har menneska henta mat frå svært ulike kjelder. Om matbutikkane i dag tilbyr titusentals varer, har me, iallfall ein stor del av menneskeheita, likevel truleg eit meir einseitig kosthald enn nokosinne før. For alle varene er produserte av det same, i monokulturar der all jord får tilført kunstige næringsstoff og alle husdyra, også oppdrettsfisken, blir fôra med det same, kraftfôr basert på soya og mais og berre dei mest høgproduktive variantane. Så er spørsmålet innanfor ei økologisk tenking, der berre framtida kan gi oss svaret, kva for stoff, kjende og ukjende, som naturen kan gi oss, men som me ikkje får i oss med denne monokulturbaserte maten.

Dei som har utarbeidd EAT-rapporten, opererer innanfor ei snever, agroindustriell ramme. I staden må me utvikle ny matpolitikk innanfor agroøkoloens rammer.